

Periodiske emnerapportar – haust 2008

FRA2511

- 1 Det har ikkje vore avvik frå emneplanen.
- 2 Av tolv emnepåmelde studentar tok åtte eksamen (ein kandidat tok utsett eksamen pga. sjukdom). Tre fekk karakteren B, fire karakteren C og ein karakteren D.
Eksamensresultata er tilfredsstillande for sju av kandidatane, som alle gjorde ein solid arbeidsinnsats både til kvalifiseringsoppgåva og til heimeeksamen. Berre to kandidatar har levert elektronisk evaluering, og det er skuffande. Dei to evalueringane er i det store og heile positive.
- 3 Tilbodet om dokumentar- og spelefilmar knytte til emnet har studentane tydeleg sett pris på. Dei fleste framsyningane har samla 5-7 bachelor- og masterstudentar (altså dei fleste).
- 4 Ingen særskild kommentar.
- 5 Ingen særskild kommentar.
- 6 Studentane set pris å få utdelt tilleggsstoff i form av kronologiar, kart, primærtekstar o.l.. Det hadde vore ønskjeleg å kunne leggje ut dette stoffet i Fronter, men skanning byr på praktiske vanskar førebels.

FRA4515

- 1 Det har ikkje vore avvik frå emneplanen.
- 2 Av fire emnepåmelde studentar tok to eksamen. Den eine fekk karakteren A, den andre karakteren C. Begge studentane har lagt ned eit solid arbeid i det essayet dei har levert som eksamensarbeid. Dei to studentane som ikkje tok eksamen, kunne ikkje følgje undervisning på grunn av jobb og prioriterte tydeleg å ta andre emne enn dette.
Begge studentane som tok eksamen, har levert elektronisk evaluering. Sjølv om dei to evalueringane sprikar litt, synest studentane stort sett å vere nøgde med emnet.
- 3 Tilbodet om dokumentar- og spelefilmar knytte til emnet har studentane tydeleg sett pris på. Dei fleste framsyningane har samla 5-7 bachelor- og masterstudentar (altså dei fleste).
- 4 Ingen særskild kommentar.
- 5 Ingen særskild kommentar.
- 6 Studentane set pris å få utdelt tilleggsstoff i form av kronologiar, kart, primærtekstar o.l.. Det hadde vore ønskjeleg å kunne leggje ut dette stoffet i Fronter, men skanning byr på praktiske vanskar førebels.

05.02.09

Svein Erling Lorås